



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Ann Kristin Nordstrand Bærøy
Moagoto 4
2940 HEGGENES

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/8300

Arkiv:

27/62, L42

Vår dato:

01.07.2026

Saksnr.	Utval
184/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
168/26	Kommunestyret

Tillatelse til tiltak - 27/62 Moagoto 4 - Tilbygg

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 27/62 Moagoto 4
Tiltakshavar: Ann Kristin Nordstrand Bærøy
Moagoto 4
2940 HEGGENES

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, og kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektør v/ leiar av næring, plan og byggesak tilbygg og fasadeendring til bustad på gnr. 27, bnr. 62, Moagoto 4, jf. *Søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett*, datert 16.06.2026 med vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak.
2. Alt byggearbeid skal utførast i samsvar med relevante krav i plan- og bygningslova og teknisk forskrift, samt reguleringsplan med føreseigner for området.
3. Bygget vil ikkje bli tillate teke i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreset at alle formelle krav knytt til byggeløyvet er oppfylt.

Saksopplysningar

Ann Kristin Nordstrand Bærøy søker om tilbygg og fasadeendring på bustaden på Moagoto 4. Tiltaket gjeld overbygg til platting på 12 m² BYA (bebygd areal) og endring av utvendig panel frå liggande til ståande.

Sentralbord:
61 35 25 00

Dir. telefon:
46805278

Org.nr:
961382068

E-mail:
frank.skoglund@oystre-
slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

Eigedomen er regulert av *Reguleringsplan for Hestehagin omsorgsbustader, H. 16*.
Eigedomens arealføremål er bustad..

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre samtykke frå alle naboar.

Vurdering

Eigedomen har eit areal på 1 732 m². Tillat utnyttingsgrad på tomta er 15% BYA.

Det nye tiltaket er på 12 m² BYA. Samla BYA, inkludert tilbygget er 200 m² BYA, som gjev ein utnyttingsgrad på 11,5%.

Tiltaket er nabovarsla i tråd plan- og bygningslova § 21-3. Det er ingen merknadar til tiltaket.

Det er gjennomfør DOK-analyse på eigedomen den 01.07.2026, utan treff på data som kan bli råka av tiltaket.

Tiltaket er vurdert til å vere i tråd med gjeldande føresegn og forskrifter.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 17.07.2026.

Gebyr

For handsaming av byggesøknaden er det gebyr på kr. 8 755 jf. kommunens gebyrregulativ § 3.2.2.1.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.